

Helse Førde HF
Helse Bergen HF
Helse Fonna HF
Helse Stavanger HF
Haraldsplass Diakonale Sykehus
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato:
	2019/6264 - 51931/2019	Hilde Rudlang	12.04.2019

Implementering – tiltak for å betre overgangen frå sjukehus til private rehabiliteringsinstitusjonar

Som ein del av oppfølginga av regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest (2016-2020), er det gjennomført eit regionalt prosjekt om overgangen mellom sjukehus og privat rehabiliteringsinstitusjon. Prosjektet har utvikla tiltak som skal bidra til at pasientar som blir overførte frå sjukehus til ein privat rehabiliteringsinstitusjon, får eit samanhengande og målretta pasientforløp i spesialisthelsetenesta.

Prosjektet hadde representantar frå HF-a, dei private ideelle sjukehusa, dei private rehabiliteringsinstitusjonane og regionalt brukarutval. Prosjektet blei leia av Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Det regionale fagdirektørmøtet var styringsgruppe for prosjektet.

Prosjektet har utarbeidd følgjande tiltak for å koordinere tenestene i overgangen mellom sjukehus og privat rehabiliteringsinstitusjon:

- Nytt tilvisingsskjema med rettleiar (dynamisk funksjon) til bruk for sjukehusa
 - Blir tilgjengeleg i DIPS i løpet av kort tid
 - Regional rutine for bruken av skjemaet blir tilgjengeleg i DIPS på same tid
- Sjekklister (praktisk) før overføring frå sjukehus til privat rehabiliteringsinstitusjon
 - Blir tilgjengeleg i DIPS i løpet av kort tid
 - Regional rutine for bruken av sjekklister blir tilgjengeleg i DIPS på same tid
- Mal for samarbeidsavtale
- Ein plan for implementering (opplæringsplan følgjer vedlagt)

Helse Vest ber no om at helseføretaka, Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) og Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HSR) tar i bruk desse løysingane.

Det ligg føre følgjande plan for iverksetting:

1. **Intern informasjon om iverksettinga.** HF-a, HDS og HSR sørgjer for å informere i eiga verksemd om tiltaka som skal setjast i verk. Vedlagt følgjer ein presentasjon som kan nyttast. Prosjektleiariar kan bidra med informasjon og vil kunne stille opp i lokale møte. Ta kontakt med Merethe Boge (merethe.harkestad.boge@helse-bergen.no) så snart som mogleg.
2. **Inngå samarbeidsavtaler i samsvar med malen.** Helse Vest har bedt dei private rehabiliteringsinstitusjonane om å ta initiativet til at det blir inngått samarbeidsavtaler mellom HF-a, HDS og HSR og institusjonane. Det er eit gjensidig ansvar for partane at samarbeidsavtaler blir inngått. Dei bør vere på plass til sommaren 2019. Vi viser til brev datert 11. april 2019 til dei private rehabiliteringsinstitusjonane, med kopi til HF-a, HDS og HSR.
3. **Lokale prosjekt.** Implementeringa i HF-a, HDS og HSR bør organiserast som lokale prosjekt for å ivareta koordinering på tvers av einingar. Implementeringa vil i all hovudsak bestå av opplæring av personell. Det er derfor utarbeidd ein opplæringsplan (vedlagt) for innføring av praktisk sjekklister, tilvisingsskjema med rettleiar og ny samarbeidsavtale. Planen er eit felles utgangspunkt som dei lokale prosjekta må utvikle vidare, tilpassa egne behov og lokale forhold. Oppsummering av oppgåver for dei lokale prosjekta går fram av side 9 i opplæringsplanen:

Kartlegging:

- Førespurnad/e-post til leiarar i aktuelle klinikkar/avdelingar
 - Avklare trong for undervisning
 - Invitere seg inn i avdelingar/einingar/fagmøte

Informasjonsdeling:

- Bruke intranett (generell prosjektinformasjon)
- Bruke internettsider til private rehabiliteringsinstitusjonar
- Bruke internettsider til Helse Vest

Opplæring:

- Informasjon i alle brukarutval
- Spesialisert undervisning for legar/[spl.](#)/ergo- og fysioterapeutar/andre relevante faggrupper

Evaluering:

- Fortløpande munnlege tilbakemeldingar til instruktørar etter at deltakarar har gjennomført opplæring
- Spørjeundersøking
- Justering av opplæringsmetodikk og innhald
- Overvaking/KPI på mengde tilvisingar (med det nye tilvisingsskjemaet) som er sendt til dei private rehabiliteringsinstitusjonane frå sjukehusa.

Det blir tilrådd at deltakarane frå det regionale prosjektet blir knytt til dei lokale prosjekta, i tillegg til tillitsvalde og brukarar. Ein tilrår også at dei lokale prosjekta i Helse Førde og i Helse Fonna går i dialog med Helse Bergen og Helse Stavanger om støtte frå legekompentanse som deltok i det regionale prosjektet. Den regionale vurderingseininga for rehabilitering kan også spørjast om bidrag. Merethe Boge er kontaktperson.

Implementering med lokale prosjekt bør starte hausten 2019. Det er ei forventning om at løysingane er i normal drift frå 2020.

4. **Informasjon på intranettsider.** Det blir utarbeidd felles informasjon til intranettsider i alle helseføretaka. Helse Vest kan bidra til dette. Tidspunktet må tilpassast framdrifta i implementeringa.

Ved å praktisere innhaldet i samarbeidsavtalane, medrekna samarbeidsmøte mellom sjukehusa og rehabiliteringsinstitusjonane, ta i bruk det nye tilvisingsskjemaet med rettleiar og praktisk sjekklister, vil kvalitet på tilvisingane til dei private rehabiliteringsinstitusjonane betrast. Løysingane vil kunne bidra til betre koordinering, meir målretta og meir likeverdige rehabiliteringstenester i regionen.

For meir informasjon om løysingane og utviklinga av dei, viser vi til prosjektrapporten med vedlegg, som er å finne på nettsida til kompetansesenteret: <https://helse-bergen.no/regionalt-kompetansesenter-for-habilitering-og-rehabilitering/overgangen-mellom-sjukehus-og-privat-rehabiliteringsinstitusjon>.

Vennleg helsing

Panchakulasingam Kandiah
fagdirektør

Hilde Rudlang
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur
All elektronisk post sendast til post@helse-vest.no*

Vedlegg:
Presentasjon Iverksetting overgang sjukehus – privat rehabiliteringsinstitusjon
Opplæringsplan